KONKURRANSEGRUNNLAG
Rammeavtale for leveranse av avgiftsfri diesel, avgiftspliktig diesel og AdBlue
(Delkontrakt 1: SIMAS IKS; Delkontrakt 2: SUM IKS)

1 Generelt

SIMAS IKS og Sunnfjord Miljøverk IKS (SUM IKS) inviterer med dette til open anbodskonkurranse for inngåing av to separate rammeavtalar (delkontraktar). Konkurransen blir gjennomført i konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) Artifik, og vert kunngjord i Doffin (og TED ved behov).

1.1 Oppdragsgjevarar

- Delkontrakt 1: SIMAS IKS (org.nr. 974 888 076) – Festingdalsvegen 368, 6854 Kaupanger
- Delkontrakt 2: SUM IKS (org.nr. 970 921 915) – Einestølen, 6815 Førde

Kontaktperson i KGV (Artifik):

- André Laberg – andre@simas.no

1.2 Anskaffinga og omfang

Det skal inngåast separate rammeavtalar – éin for kvar oppdragsgjevar. Tilbydar kan levere tilbod på éin eller begge delkontraktar. Rammeavtalen omfattar leveranse av avgiftsfri diesel, avgiftspliktig diesel og AdBlue i tråd med kravspesifikasjon og prisbilag.

1.3 Kontraktslengde

Rammeavtalen har varigheit 2 år, med einsidig opsjon for kjøpar om forlenging 1 + 1 år. Forlenging skjer automatisk med eitt år om gongen dersom oppdragsgjevar ikkje varslar skriftleg om opphøyr seinast 3 månader før utløp av inneverande avtaleperiode.

1.4 Estimerte mengder (årleg)

Delkontrakt 1 – SIMAS IKS:

- Avgiftsfri diesel: ca. 50 000 liter (bulk til kjøpar sin tank ved hovudanlegget i Festingdalen; tankvolum ca. 5 000 liter).
- Avgiftsfri diesel: ca. 1 000 liter (fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Festingdalen–Sogndal sentrum). *Aktuelt ved for eksempel havari på kjøpar sitt tankanlegg.*
- AdBlue: ca. 10 000 liter (bulk til kjøpar sin tank ved hovudanlegget i Festingdalen; tankvolum: 5000L).
- AdBlue: ca. 200 liter (fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Festingdalen–Sogndal sentrum) *Aktuelt ved for eksempel havari på kjøpar sitt tankanlegg.*
- Avgiftspliktig diesel: ca. 170 000 liter (fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Festingdalen–Sogndal sentrum).

Delkontrakt 2 – SUM IKS:

- Avgiftsfri diesel: ca. 45 000 liter (bulk til kjøpar sine tankar ved hovudanlegget på Einestølen; tankvolum ca. 6 000 liter og 1 000 liter).
- Avgiftsfri diesel: ca. 1 000 liter (fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Einestølen–Førde sentrum). *Aktuelt ved for eksempel havari på kjøpar sitt tankanlegg.*
- AdBlue: ca. 16 000 liter (fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Einestølen–Førde sentrum).
- Avgiftspliktig diesel: ca. 230 000 liter (fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Einestølen–Førde sentrum).

Merk: Mengdene er estimat. Faktisk forbruk kan variere og gir ikkje grunnlag for krav om minstevolum.

2 Regelverk, prosedyre og kommunikasjon

Anskaffinga vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar (LOA) og forskrift om offentlege anskaffingar (FOA). Prosedyreform er open anbodskonkurranse utan forhandlingar.

2.1 Kommunikasjon

All kommunikasjon i konkurranseperioden skal skje via KGV (Artifik). Oppdragsgjevar skal ikkje kontaktast direkte om spørsmål. Spørsmål og svar vert publiserte i KGV slik at alle interessentar får same informasjon.

2.2 Innlevering av tilbod

Tilbod skal leverast elektronisk i Artifik innan tilbodsfristen. For seint innkomne tilbod vert avviste. Tilbod og all kommunikasjon skal vere på norsk (nynorsk/bokmål).

2.3 Atterhald og avvik

Eventuelle atterhald eller avvik skal gå tydeleg fram av tilbodet og vere prissette der det er mogleg. Vesentlege atterhald eller avvik kan føre til avvising.

2.4 Offentlegheit og sladding

Tilbod og tilbodsprotokoll er unnatekne offentleg innsyn fram til tildeling er sendt. Etter tildeling kan det bli krav om innsyn. Tilbydar skal derfor levere ei sladda versjon av tilbodet (PDF) der forretningsløyndommar er sladda på ein trygg måte.

3 Krav til leveransen (samandrag)

Detaljerte krav til leveransen vert gitt i kravspesifikasjon og prisbilag som vert publiserte under «Anskaffelsesdokumenter» i KGV. Samandraget under er rettleiande og må lesast i samanheng med vedlegga.

3.1 Delkontrakt 1 – SIMAS IKS

- Avgiftsfri diesel og AdBlue: leverast i bulk til kjøpar sine tankar ved hovudanlegget i Festingdalen.
- Avgiftsfri diesel , Avgiftspliktig diesel og AdBlue: fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Festingdalen–Sogndal sentrum.

3.2 Delkontrakt 2 – SUM IKS

- Avgiftsfri diesel: leverast i bulk til kjøpar sine tankar ved hovudanlegget på Einestølen.
- Avgiftsfri diesel , Avgiftspliktig diesel og AdBlue: fylling ved leverandør sitt tankanlegg på strekninga Einestølen–Førde sentrum.

3.3 Tekniske krav (begge delkontraktar)

- Leverandøren er ansvarleg for at anlegg har godkjende tankar/pumper, og at volum tappa vert registrert av sertifisert mengdemålar.
- Leverandøren skal ha ordning for kort/brikker (eller tilsvarande) og rapportering av forbruk pr. køyretøy.
- Leverandøren kan nytte samarbeidspartnar/underleverandør der dette er nødvendig, men er ansvarleg for at alle krav vert oppfylte.

4 Kvalifikasjonskrav (ESPD)

Tilbydar skal fylle ut ESPD i KGV. Oppdragsgjevar kan be om dokumentasjon for dei forholda leverandøren berre har erklært i ESPD.

4.1 Kvalifikasjonskrav 1 – Lovleg etablert (firmaattest/eBevis)

Leverandøren skal vere lovleg etablert og registrert i relevant føretaks-/handelsregister. Kravet vert dokumentert gjennom ESPD. For norske leverandørar kan firmaattest og skatteattest hentast automatisk via eBeVis, dersom eBeVis er aktivert i konkurransen.

4.2 Kvalifikasjonskrav 2 – Økonomisk og finansiell kapasitet

Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å gjennomføre leveransen. Kravet vert dokumentert gjennom ESPD (årsrekneskap/omsetning siste 2 år og relevante nøkkeltal). For norske leverandørar kan økonomiinformasjon supplerast via eBeVis, dersom eBeVis er aktivert.

4.3 Kvalifikasjonskrav 3 – Teknisk kapasitet og tilgjengelege fyllestasjonar

Leverandøren skal ha tilstrekkeleg teknisk kapasitet og tilgang til relevante anlegg/fyllestasjonar for å kunne levere i tråd med krava i konkurransen. Kravet vert dokumentert gjennom ESPD og ved at leverandøren oppgir (1) adresse/lokasjon for relevant tankanlegg/fyllestasjon for delkontrakten, (2) stadfesting på godkjende tankar/pumper og sertifisert mengdemåling, og (3) beskriving av ordning for kort/brikker og rapportering.

Delkontrakt 1 (SIMAS IKS):

- Avgiftsfri diesel, Avgiftspliktig diesel og AdBlue skal vere tilgjengeleg hjå leverandør sitt tankanlegg på strekninga Festingdalen–Sogndal sentrum.
- Avgiftsfri diesel og AdBlue skal kunne leverast til kjøpar sine tankar ved hovudanlegget i Festingdalen.

Delkontrakt 2 (SUM IKS):

- Avgiftsfri diesel , Avgiftspliktig diesel og AdBlue skal vere tilgjengeleg hjå leverandør sitt tankanlegg på strekninga Einestølen–Førde sentrum.
- Avgiftsfri diesel skal kunne leverast til kjøpar sine tankar ved hovudanlegget på Einestølen.

5 Tildelingskriterium

Tildeling skjer på grunnlag av det økonomisk mest fordelaktige tilbodet, vurdert etter kriterium og vekter under. Evaluering blir gjort separat for kvar delkontrakt.

Kriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
Pris	70 % Pris vert evaluert lineært basert på total tilbodspris. Lågaste pris får høgaste poengscore, og dei øvrige tilboda vert poengsette forholdsmessig i forhold til denne.	Utfylt prisbilag/prisskjema (vedlegg i «Anskaffelsesdokumenter»). Leverandøren skal i tilbodet dokumentere og opplyse kjelde for basispris slik at denne kan etterprøvast.
Klima og miljø (levering og logistikk)	30 % Miljø vert evaluert basert på ei kvalitativ vurdering av leverandøren si skildring av miljøforhold ved leveransen. Det vil bli lagt vekt på i kva grad løysinga bidreg til redusert miljøbelastning og dokumenterbare miljøforbetringar. Tilbod som best oppfyller og dokumenterer relevante miljøkriterium vil oppnå høgaste poengscore.	Tilbydar skal dokumentere konkrete og forpliktande tiltak som reduserer utslepp og miljøbelastning ved gjennomføring av leveransen, minimum: (1) utsleppsklasse på køyretøy brukt ved leveransar til hovudanlegg (bulk) og plan for å redusere tal leveransar; (2) rapportering (dato, volum, transportmiddel) og enkel statistikk ved førespurnad; (3) andre tiltak knytt til leveransen (t.d. tomkøyringsreduksjon/optimalisering).

6 Dokument som skal leverast med tilbodet

- Signert tilbodsbrev (kan inngå i KGV som signering/innsending).
- Utfylt prisbilag/prisskjema (Bilag – vert lagt ved av oppdragsgjevar).
- Svar/dokumentasjon knytt til tildelingskriteriet «Klima og miljø (levering og logistikk)».
- Eventuelle atterhald/avvik (eige notat).
- Eventuell forpliktingsfråsegn frå underleverandørar/samarbeidspartnarar, dersom relevant.
- Sladda versjon av tilbodet (PDF) ved behov for innsynshandsaming.

7 Fristar og framdriftsplan

- Ligg i Artifik KGV

8 Kontrakt og vedlegg

Rammeavtale vert inngått separat for kvar delkontrakt. Kontraktsvilkår, kravspesifikasjon og prisbilag vert del av avtalegrunnlaget. Oppdragsgjevar nyttar dokumentrang fastsett i avtaledokumentet.

8.1 Planlagde vedlegg (vert publiserte i KGV)

- Bilag 1 – Kontraktsvilkår/avtaleutkast
- Bilag 2 – Prisbilag/prisskjema (leverandør utfyller)
- Bilag 3 – Kravspesifikasjon og praktiske leveringsvilkår (inkl. opningstider ved behov)
- Bilag 4 – Endringar
- Bilag 5 - Kontraktsvilkår for ivaretakelse av grunnleggende menneskerettigheter i leverandørkjeden